

RANGLEHELG PÅ BRYNE

Forfatter: JORUNN E. STEINSLAND , tekst og foto,

Medan Signe Irene Stangborli Time debuterte med bandet Odel, gjorde Vind i Gardhol comeback på **Ranglerock** på Bryne i helga.

jes@jbl.no

RANGLEROCK: Nokon hadde lese seg opp på musikken i mange veker, andre kom for å treffa kjende. På scenen stod musikarar med 30 års erfaring, medan andre var nye av året, og musikken spente frå glad pop til doom-metal. **Ranglerock** er festivalen for det varierte.

Opna med nytt band

Fyrst ut var det ferske bandet Odel. Bandet har base i Stavanger, men i spissen står timebu Signe Irene Stangborli Time.

– Det var litt skummelt, men vart bare heilt topp, smiler 22 åringen etter konserten, stadig avbroten av venner og kjende som vil ha ein klem og skyryta av innsatsen.

At stemninga ikkje stod i heilt taket og at publikum ikkje rocka dansegolvet, var verken bandet eller musikken deira sin feil. Signe Irene gav alt frå scenen, og det ferske bandet serverte gjennomarbeidd og fengjande musikk med jærske tekstar om alt frå skilsmisser til gjødsel. Men det skal litt til å få brynepublikum til å ta av ein tidleg fredagskveld, med strålende sol og sommarvarme utanfor.

Då Odel sette fyrste tone, stod bare fire-fem personar i salen.

– Det er alltid kjekt at det er fleire i salen enn på scenen, spøkte bandet etter konserten. Men publikum kom med musikken, og bandemedlemmene sjølv var meir enn fornøgde med stemninga.

– Eg trudde heilt ærleg ikkje det skulle bli så god stemning som det vart, smiler Signe Irene.

Ho var litt redd for at musikken frå det ferske bandet skulle verta for ukjent for publikum.

– Det er ingen som har hørt meg sånn som dette på Bryne før. Eg var litt redd for at musikken skulle bli litt sånn «musikermusikk», seier musikkstudenten, og sikter til skeive taktartar og uvanleg rytmikk.

– Men dette vart jo bare veldig, veldig gøy, slår 22-åringen fast.

– Har tatt seg opp

Det vanka mange lovord om festivalen frå publikum.

– Heilt fantastisk, seier ei strålende fornøgd Oddbjørg Stokkeland. Saman med Marianne Knutsen har ho akkurat dansa seg gjennom konserten med Casa Murilo.

– Denne festivalen har absolutt tatt seg opp. For min del var det meir kjende band i år. Ein koseleg festival, slår ho fast.

Men at ein kjenner til banda på førehand, er ikkje ein føresetnad. Camilla Jåtten frå Klepp måtte kjøla seg ned ute etter ein liten time ved scenekanten.

– Eg hadde aldri høyrte om Casa Murilo før, men nå er eg heilt hekta, og festivalen er bare kjempebra. Både folka og musikken, meiner ho.

Festivalen tilbød publikum eit breitt spekter av musikk med glad pop frå norske Norma Sass og jærske viser frå Vind i Gardhol i eine enden til doom-metal frå japanske Church of Misery og hip hop frå stavangerbandet Kriminell kunst i andre enden.

Putla og spelte

Det jærske visebandet Vind i Gardhol har ikkje spelt offentleg saman på mange år. År etter år har eldsjelene bak **Ranglerock** prøvt å booka bandet, utan hell. Men i år stod dei endeleg på ranglerockscenen. Om det var bandet som tok publikum med storm, eller motsatt, skal vera usagt, men stemninga stod i taket allereie før Hans Obrestad hadde fått sagt «Her på Jæren me putla og græve», som er ein av kjenningsmelodiane til Vind i

Gardhol.

– Det er jysla kjekt at de kan tekstane. Nå er det bare å fylja på, oppfordra Hans Obrestad, noko som førde til at bandet tidvis hadde problem med å høyra kva dei sjølv song.

– Dette må vera det gildaste me har vore med på med Vind i Gardhol, sa ein strålende fornøgd Torstein Obrestad då siste jærsk vise var avsungen for kvelden.

– Det er ein voldsom inspirasjon å høyra at folk kan tekstane og syng med. Det er jo våre ungar dette her, seier Hans Obrestad og siktar til alderen på hovudtyngda av publikum.

– Ja, dei visste vel knapt at me var i live ennå, legg Torstein Obrestad humoristisk til.

Då Vind i Gardhol spelte rundt på Jæren i slutten av 70-talet og starten av 80-talet, var det meir som underhaldningsinnslag på ulike tilstellingar, til dømes i regi av Bondekvinnelaget eller Saniteten. Kommenterarar av typen: Dei kunne jo kledd seg litt betre, var ikkje uvanlege.

– Det var mykje hår og skjegg på den tida. Me er finare i dag, meiner Torstein Obrestad.

For bandet var laurdagens konsert som eit bestillingsverk å rekna. Om det blir fleire slike etter sommaren, er dei usikre på.

– Me får vera litt løyndomsfulle, så kan folk tru kva dei vil, blir bandet einige om seg i mellom.

– Best på Jæren

For mange, både unge og eldre publikummarar, var Vind i Gardhol eit høgdepunkt denne laurdagskvelden.

Aller fremst ved scenen stod Gerd Synnøve Aanestad og song med.

– Vind i Gardhol er det beste jærsk bandet som nokon gong har vore, seier ho med eit smil, og er fullstendig klar over at ho gjerne er ein smule inhabil. Aanestad er nemleg dotter til Sigmund Aanestad, som var med i bandet då dei spelte for fullt i slutten av 70-talet. Aanestad døde for nokre år sidan.

– Vind i Gardhol har songar som alle kjenner seg igjen i. Dei passar til eit kvart festleg høve, meiner Aanestad.

Og eit slikt festleg høve var definitivt **Ranglerock**-festivalen på Bryne.

RANGLEROCK

n Starta av bandet Svenssen som ein sommarfest på Hognestad i 2001.

n Gjekk frå 2002 til 2005 under namnet Hoggstock.

n Skifta namn til **Ranglerock** i 2006.

n Har som mål å sleppa til lokale, lovande band, men har også internasjonale og nasjonale artistar på plakaten.

Bildetekst:

- FRÅ JAPAN TIL BRYNE: Neggy, vokalist i Church of Misery, er klar til å gå på scenen. Det japanske doom-metal-bandet er på europaturné og kom rett frå konsert i Tyskland.

– BEST: – Vind i Gardhol er det beste bandet på Jæren, meinte Gerd Synnøve Aanestad frå fremste rad under konserten.

KOSA SEG: Oddbjørg Stokkeland (t.v), Marianne Knutsen og Camilla Jåtten (delvis skjult) dansa ved scenekanten til Casa Murilo.

GLAD-POP: Norma Sass fekk publikum til å smila med sin glad-pop. FYRST UT: Odel, med Signe Irene Stangborli Time i spissen, opna **Ranglerock** på Bryne fredag kveld.

COMEBACK: Vind i Gardhol spelte i lag på ein offisiell konsert for fyrste gong på mange år. Frå venstre: Torstein Obrestad, Svein Obrestad, Hans Obrestad, Jarle Obrestad, Leif Obrestad og Trond Gudmestad

GOD STEMNING: Oslo Ess fekk publikum i gang allerede 19.30 laurdag.

© Jærbladet